



Radøy brass v/Amanda Voldsund

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/116 - 15/715

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

19.01.2015

Informasjon til lag og organisasjonar - januar 2015

Informasjonsmøte for lag og organisasjonar

Me inviterer alle lag og organisasjonar i kommunen til informasjons- og dialogmøte **måndag 9. februar kl. 19.00** på rådhuset på Manger. Hovudsaka på dette møtet vil vera nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar, det vil seia både driftsmidlar til lag og organisasjonar og midlar til tiltak og aktivitetar. Dei gjeldande retningslinjene ligg ved.

Saker:

1. Revisjon av retningslinjer for kulturmidlar for Radøy kommune
2. Kulturkalenderen på nettsidene
3. Informasjon frå ungdomskoordinatoren om midlar m.m.
4. Friluftslivets år
5. Ymse

Saker som de ynskjer å ta opp på møtet bør de melda inn på førehand.

Gje ei tilbakemelding til bente.hervik@radoy.kommune.no om kor mange som kjem frå dykkar lag.

Friluftslivets år

2015 er friluftslivets år, og dette vil vera eit satsingsområde for Radøy kommune gjennom heile året. Me håpar å få med oss lag, organisasjonar og innbyggjarar og gje friluftslivet eit løft både gjennom aktivitetar og tiltak som gjer Radøy kommune til ein endå betre kommune å driva friluftsliv i.

Rådmannen har oppnemnd ei arbeidsgruppe med Bente Kopperdal Hervik, Kjartan Medaas og Gro Håland som har ansvar for å koordinera aktivitetar og tiltak i kommunen. Det er også oppnemnd ei referansegruppe med eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, idrettsrådet, ungdomsrådet og Nordhordland turlag som skal bidra med informasjon frå og til «sine» lag.

Me har allereie lagt ein del planar for året, mellom anna skilting og rydding av ein del turstiar, turar med lokale guidar og sommarcamp for ungdom. Informasjon om planlagde arrangement vert lagt ut i



kulturkalenderen på våre nettsider så snart me har datoen klar. Informasjon om friluftslivets år i kommunen finn de i ein av boksane nedst på nettsida til kommunen.

Ta gjerne kontakt med Bente K. hervik på bente.hervik@radoy.kommune.no eller tlf. 56 34 90 12 om de t.d. ynskjer å ha eit arrangement eller rydda stiar.

Tilskotsordningar

15. februar er søknadsfrist for ei rekkje tilskotsordningar i Hordaland fylkeskommune. Oversikt over desse finn de her: <http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/> Fleire av desse tilskotsordningane er retta mot friluftslivets år, og me oppfordrar dykk spesielt om å søkja på desse!

Kommunen har sett av ein del midlar til tilrettelegging av turstiar. Desse midlane kan nyttast til klopper, gjerdeklyver, benkar og liknande langs turløyper. Det er ein føresetnad for å få midlar at det vert skrive grunneigaravtalar mellom grunneigar og kommunen. Midlane kan ikkje nyttast til skilting. Dette kan ein få midlar til gjennom Hordaland fylkeskommune (sjå lenke ovanfor). Retningslinene for dei kommunale midlane til turstiar er ikkje heilt klare enno, men vil vera på plass i løpet av kort tid. Me vil informera om dette i møtet 9. februar.

Nye prisar i Radøyhallen

I samband med budsjettet er det vedtatt nye prisar for leige av Radøyhallen og fleirbrukshallen på Sæbø. Prisregulativet til Radøy kommune er lagt ved.

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gebyrsatsar
Retningslinjer for kulturmidlar

Mottakarar:

Radøy brass v/Amanda Voldsund